# Bokn Bygdablad

Nr. 10 desember 2014 – Årg. 29





Kunstgrasbane – s. 6



Matkunstnar – s. 4



Nyopning – s. 12



Flyborne – s. 15

www.bygdabladet.no

KJEKT PÅ BOKN



# ORDFØRAREN HAR ORDET

*Kjære sambygding!*

**Budsjett 2015**

Den 16. desember behandla kommunestyret drifts- og investeringsbudsjett for 2015 og økonomiplan for 2015-2018 med utgangspunkt i eit framlegg tilpassa det økonomiske inntektsnivå frå rådmannen. Endringane i busetnadsutviklinga, i tillegg til fleire ressurskrevjande brukarar og reduksjon i inntektene frå gassbasert industri, gjer at dei kommunale tenestene må finansierast utan tilsvarande auke i inntektene.

Mens realinntekter til kommunen i fleire år har vore fallande, har kostnadene auka sterkt. Det meste av kostnadsveksten kom i lovpålagde tenester som det er lite høve til å redusera eller velje bort. Både drifts- og investeringsbudsjettet for neste år er stramt, men likevel slik at ein beheld gode tenester for innbyggarane. Samstundes vil ein prøva å finna smartare og rimelegare måtar å løyse oppgåvene på - i tillegg til å fjerna kostnader som er lite viktige for drifta.

Budsjettet blei vedtatt med eit nettobudsjett på kr. 67.607.000 kroner. På investeringssida blei det vedtatt å legga inn fleirbrukshall med kr. 39.000.000. Han skal finansierast gjennom tilskot 12 millionar kroner, fond 8 millionar kroner og låneopptak 19 millionar kroner. På driftsida blei det m.a. løyvd 30.000 kroner til innkjøp av nye komfyrar til skulekjøkkenet ved Bokn skule og 20.000 kroner til inventar og møbler til Kyrkjebygd aktivitetshus.

**Dugnad**

I løpet av 2014 har me opplevd at fleire dugnadsdrivne prosjekt har blitt gjennomført her i bygda. Ei stor mengd arbeidstimar blei lagt ned på nærmiljøanlegget i Alvestad då entusiastiske medlemmar frå Bokn idrettslag gjekk i gang med å rydda området ved den tidlegare grusbana. Målet var å byggja ein kunstgrasbane og med det leggja til rette for utandørs fotballtrening heile året - eit tilbod me har mangla i Bokn. I slutten av november blei kunstgraset rulla ut og brått låg det ein fullverdig kunstgrasbane klar til bruk midt mellom Føresvik og Alvestadkroken. Og bana har allereie vore flittig i bruk.

Også på Kyrkjebygd aktivitetshus har det i haust blitt lagt ned tallause timar med verdfull dugnadsarbeid for å setja i stand 1. etasjen, slik at fritidsklubben Petra får gode lokaler til verksemda si. Med økonomiske bidrag og arbeidsinnsats frå både frå Bokn Plast/HighComp og Bokn kommune, kunne ungdommane gjennomføre eit stilfullt julebord i nyoppussa lokale i byrjinga av desember.



***Det siste kommunestyremøtet i 2014 blei gjennomført i flotte og nyoppussa lokaler i 1. etasje på Kyrkjebygd aktivitetshus.***

***Foto: Jardar Havikbotn***

Svært mange boknarar har deltatt i desse dugnadsprosjekta, og har brukt mangfaldige timar av fritida si til å skapa gode og etterlengta aktivitetstilbod til barn- og unge i Bokn.

Frivillig arbeid gjennom dugnad er ein avgjerande ressurs, ikkje berre for idrettslaget, men for heile boknasamfunnet. Gjennom dugnad blir det skapa varige samfunnsverdiar, samstundes som det aukar attraktiviteten til lokalsamfunnet. Dugnadsmiljøa er også ein arena der ein møter sambygdingar, der folk gjennom å skapa noko saman også opplev fellesskap og meistringskjensle og det å vera med på eit «vinnarlag».

Takk til alle som stilte opp for fellesskapet!

*Ordføraren*

# *God lesing!*

**Bladet du nå held i hendene er laga to gonger.**

Dei som er godt kjende i dataverda veit med det same kva dette skuldast. Og ganske riktig; eit uforståeleg datakrasj og svikt i backup– og gjenopprettingsrutinane førte til at trykksaka blei forseinka. Men her er endeleg det siste bygdabladet i årgang 29.

Her kan du m.a. lesa om matkunstnaren i Våga og den flotte kunstgrasbanen i Alvestad nærmiljøanlegg. På s. 8 handlar det om at brannmannskap i Bokn får kompetanse til å vera førstehjelparar fram til ambulansen kjem fram.

Sidene 12 og 13 er via nyopninga av Petra fritidsklubb og HighComp AS sin flotte gest i 1. etasje i Kyrkjebygd kulturhus. Havnavegen har hatt nissebesøk, frå ein uvanleg farkost.

I Sporten s. 20 fekk Bokn idrettslag besøk av FKH-trenar Jostein Grindhaug under fotballavslutninga. Oppsummering av trialsesongen til Pluggen MK har det også blitt plass til.

Tradisjonsstoff frå adventstida finn du også i bladet. Du kan t.d. slå opp på s. 27 - du blir ikkje skuffa.

Ein må heller ikkje gløyma dei solide seriane og historiane frå Birger Lindanger. I neste nummer kjem også eit nytt avsnitt i serien om banken i Bokn; *Kroken på døra - tid for å minnast.*

Eg håpar du vil kosa deg med bladet, og vel møtt til nr. 1-2015 i februar!

God jul og godt nytt år!

**- redaktøren -**



# Juleknask

**FINN SKJULTE DYRENAVN I TEKSTEN.**

**1) En matros tok fri hele dagen**

**2) Kjør rett fram sa hun da Gunnar kom til krysset.**

**3) Hvor har Erik vært, spurte mamma urolig.**

**4) Frida ville spasere inn, men mor stoppet henne.**

**5) Ivar er laget av muskler og bein.**

**6) Hun dro hjem og tok seg til rette.**

**7) Anders kan ingenting om kunst.**

**8) Mor har vasket gulvet hele dagen.**

**9) Sa Ulrik noe om hvor mye jeg roter?**

**10) Anna vil ikke innrømme at hun strever med norsk på skolen.**

**Framhald s. 5**

# *God tur!*

**Frå 2015 får postkassebøkene på Boknafjellet, Vardafjellet og Boknahåve ein ny dimensjon. Nye solide bøker er ferdig nummererte, linjerte og meir forklarande enn dei har vore tidlegare.**

Kulturkontoret har lenge vore på jakt etter skreddarsydde og praktiske bøker til kommunens oppfordring til friluftsliv, som dåverande ordførar Sigrunn H. Hosaas starta i juni 1999. Så vanskeleg har dette vore å få tak i at underteikna har laga bøkene sjølv. Omega Trykk, som også trykker dette bladet, har stått for trykkinga. Bøkene har plass til 5.000 underskrifter, noko som betyr at dei kan ligga ei stund i postkassane før dei blir utskrivne. Dette gjeld Boknahåve og Vardafjellet.




Og blir du lei av å nyta naturen, kan ta deg eit lite språkkurs. Turboka er også på engelsk, tysk, spansk og fransk, og er med det også tilpassa alle besøkande som har eit anna morsmål enn norsk. Det første som møter deg inne i boka er ei helsing på alle dei fem språka. Takk til Jenni Howell Vatnaland, Britt Banaszkiewicz, Santiago Arellano og Anne E. Askeland for hjelp til oversettinga!

**- redaktøren -**

# Matkunstnar med catering




Tekst: Jardar Havikbotn - foto: Privat

**I Vågavegen 286 tryllar Jareya Janpeng Våga fram lekre matrettar. Ho gjer det også veldig sterkt i internasjonale fruktskjeringskonkurransar.**

41-åringen, som er gift med Osmund Våga, jobbar til dagleg i kantine på Kårstø. Ho kjem frå Thailand, der ho etter vidaregåande skule har gått på HAP-kurs for hotel og restaurant.

**Catering**
Jareya, eller Noi, som dei fleste kallar henne, dreiv lenge restaurant på kaien i Haugesund, Galaged Kitchen. Dei slutta med restauranten i 2011. Ho byrja med catering heime i Våga året etter.
Interesserte kan enten ringa 99604009 eller bestilla mat på Galaged Kitchen si facebookside. Firmaet har også eiga nettside, **www.galagedthai-kitchen.no**

Ein kan enten henta maten sjølv eller så leverer Noi. Ho kan også laga mat og servera i selskap.

Noi leverer forskjellige typar thaimat og også fruktfat eller fruktskjering. Ho har også planar om a byrja med smørbrød og kaker, samt arrangera kurs i matlaging og fruktskjering.

**Fruktskjering**
Noi har gått på kurs i Thailand og fått ein del erfaring i å skjera frukt. Ho har blitt så flink at ho kjempar heilt i toppen i internasjonale konkurransar. Ein kan ikkje anna enn å bli mektig imponert over bilder av frukt ho har laga kunstverk av. Ho fortel at ho brukar ein spesiell spiss kniv, men det må jo ta veldig lang tid.
- Tida varierer med størrelse og detaljar, men det tar ca. 45 min. til 1



*Galaged Kitchen Catering blir drive heime i Våga. Noi har god hjelp av ungane Celine, Michelle og Sigvart Nathan.*









*Her er døme på fruktskjeringsdekorasjonar i cateringen. Middagstallerken for to personar nedst til høgre.*



*Matkunstnar Jareya (Noi) Janpeng Våga med sonen Sigvart Nathan.*







*Noi vann gull med denne fruktdekorasjonen!*

time å skjera ut ei stor vannmelon, seier ho.

**Medaljedryss**

I september i år deltok ho i *International Carving Trophy* i Innsbruck i Austerrike. Der gjekk det veldig bra. Ho vann kategorien *Individual showpiece*, fekk sølvmedalje i *Individual Live Carving* og saman med laget sitt (Thailand Team) vann ho *Champion Team Trophy*.

I fjor haust var Noi i Moskva, som deltakar på II Euro Carving Championship. Då representerte ho Noreg og fekk sølvmedalje i kategorien for lag.

**Bokn Bygdablad gratulerer med bragdene!**

- Eg skal vera med i fleire konkurransar, avsluttar matkunstnaren, som har fast stand på Sildajazzen i Haugesund og på Sommarmarknaden i Føresvik kvart år.



***Ho fekk sølvmedalje i Individual Live Carving. Det du ser her er tre timars arbeid.***

# Juleknask

**BYER OG KJENTE STEDER I NORGE:**

**1) Rettlede**
**2) Deilig saus**
**3) Slank stor holme**
**4) Eier plass**
**5) Økt kvantum dyrket jord**
**6) Idiotisk dyreplass**
**7) Fyrrom**
**8) Telefonkiosk**
**9) Garnspissen**
**10) Farget skryt**
**11) Sportsartikkel**
**12) Spør ham (på engelsk)**
**13) Let etter agn**
**14) Mann i rekke**
**15) 60 minutter**
**16) Kontroller lengden selv**
**17) Levde ikke**
**18) Må en rytter på Nordpolen gjøre**
**19) 10 værelser+ kjøkken**
**20) Gjør taus telefon**
**21) Grålysning**
**22) Redd ikke alle**
**23) Komme seg**
**24) Morna rike**
**25) Nyvasket bokstav**
**26) Småjentenes leketøy**
**27) Den hellige sletten**
**28) Pen + betrakte**
**29) Stygg by**

**VERDENS HOVEDSTEDER:**

**1) Anskaff en havn å fortøye båten i.....**
**2) Vasker 1000 kilo ......**
**3) Monter en video .....**
**4) Havnen i stillhet .....**
**5) Vanvittig galopp .....**
**6) Guddommelig sykdom ......**
**7) Eksplosiv kjøkkenmester ....**
**8) To små kalde drinktilbehør .....**
**9) Det åpne vanns jente .....**
**10) Glad vestlandskommune .....**

Svara kjem i neste utgåve.

# Kunstgrasbane

Jardar Havikbotn

**Eit imponerande syn møter deg når du tar deg ein tur til Bokn IL sin nye kunstgrasbane på Alvestad nærmiljøanlegg. Fotballbanen til over to mill. kr. er gjort på dugnad!**

28. november møtte eg eldsjelane, **frå venstre på bildet, Alf Åge Alvestad, primus motor Erik Våga og Gunnar Solberg**. Då var dei i gong med å planlegga utlegging av gummikuler på grasmatta. Kvelden og natta før var sjølve graset kome på plass, og medan me stod og prata, blei komprimeringa av sandlaget (2 cm) oppå banen avslutta.



**Heilårsbane**
Eit av dei største dugnadsprosjekta på Bokn nokonsinne har ført til at bygda har fått ein nydeleg grasbane som er like grøn heile året. Den førre grusbanen er kraftig utvida og grassletta er 34 x 43 m stor. Det tilsvarar ein liten sju'ar bane i fotballverda.

Dei tre entusiastiske herrane må innrømma at det er ei god kjensle å veta at dei har fått det til, der me står og ser utover anlegget. Og dei har god grunn til å vera stolte.

- Ja, det har blitt bra, håpar berre folk kjem til å bruka det, seier Alf Åge.

Erik kjem med eit bit av kunstgraset og viser meg. Det 5 cm lange graset frå Italia skal halda høg kvalitet, tåla sterk slitasje og ha lang levetid

**Stor dugnadsmobilisering**
Desse to fotballtrenarane hadde ideen om å få lagt kunstgras på grusbanen. Styret i Idrettslaget var positive og gav dei lov til å klargjera prosjektet, innhenta prisar, m.m. Etter kvart kom det til folk som ville vera med på dugnad, og ei imponerande mobilisering spreidde seg rundt på bygda. Gunnar Solberg er ein av dei som har bidratt mykje. Erik og Alf Åge nemner også Bjørnar Bryningsland og Frode Våge.

Dei er svært takksame for den dugnaden som er lagt ned, enten folk har gjort enormt mykje, mykje eller mindre.

- Det er fantastisk å sjå den dugnadsånden som er der når det trengst, og det er plass til endå fleire, seier Erik.

Det har til og med vore jobba fleire netter i flomlys i haust. Fleire gravemaskinar og lastebilar har vore involverte. Her er noko av det som har blitt gjort:

- Køyrt bort over 230 tonn mold, subb, røter og tre.
- Lagt ned ein del hundre meter med dreneringsrøyr
- Lagd ned ca. 100 tonn pukk
- Om lag 400.000 kr. i betongarbeid
- 350 tonn berelag og singel
- Støypt 70 m ringmur og ballvegg
- 300 m plate rundt banen
- Køyrt komprimator over banen åtte gonger a 3 timar

- Eit vannvittig mykje arbeid ligg bak, ikkje berre til å rulla ut kunstgraset, skyt Gunnar inn.

**Gjenståande arbeid**

Det skal knyttast to fem'ar mål og to sju'ar mål til anlegget. Leveggar med nett over skal koma. Bak måla blir det vel 3 m høgt. I nordvestre hjørne skal det vera ein ballvegg. Her har matta eit beinare parti enn andre stader på flata. Den bua banen er 15 cm høgare på toppen enn ved kantane.

I nordaustre hjørne skal det lagast eit skur med bord og benkar, der ein kan henga frå seg klede og oppbevara tørre klede, og der foreldra kan sjå på ungane spela over ein kopp kaffi.

I sørvestre hjørne kjem ei brakke m/ toalett. Her blir det tørt og varmt, som ein liten garderobe. Dei satsar på at heile anlegget skal stå ferdig i løpet av januar neste år.

Har du lyst å bidra, enten privat eller som næringsdrivande, for å få prosjektet i hamn, kan du bidra på konto nr: 3373.30.03001 (merk kunstgress).

Har du spørsmål, ta gjerne kontakt med prosjektansvarlig Erik Våga, tlf. **90033553** eller på e-post **erivaag@online.no**

- Nå håpar me fotballen får eit skikkeleg oppsving her på Bokn, avsluttar Alf Åge.

**Gratulerer med ein kjempebragd!**





*Frå dugnadsarbeidet.*

*Fleire bilder på bygdabladet.no - artikkelen "Kunstgressbane"*

**Her er ei solid sponsorliste:**

## Sponsorliste, kunstgrasbanen pr. 15.12.14

| | |
|---|---|
| **Inntekter frå utedans, juli 2014 til kunstgrasprosjektet:** | |
| Malthus | Toalettvogn |
| Suldal Billag | Scene |
| Gilde | Pølser |
| Goman | Pølsebrød |
| **Anleggsoppføring:** | |
| Vassbakk & Stol | Transport, pukk, gravemaskin, komprimator, lastebil |
| Nedrebø Maskin & Transport | Gravemaskin, masse, transport |
| Ølen Betong | Betong |
| Bokn Plast | Gravemaskin |
| Kjell Frode Lie | Gravemaskin |
| Felleskjøpet Haugesund | Dreneringsrøyr, gjerde |
| Odd Grønnestad | Dreneringsrøyr |
| Optimera | Armeringsjern |
| Monter | Armeringsjern |
| Byggmester Erik Våga | Dreneringsrøyr, armering, kummar, material |
| Mæland Bygg | Betong |
| Gustavsen Forskaling | Forskaling |
| Malthus | Kylar og forskalingsutstyr |
| Wee Transport | Div. transport |
| Leif Torvestad | Kunstgras |
| **Pengegåver:** | |
| Sparebank 1 Sr Bank | Kr. 75.000 |
| Bokn Plast | Kr. 10.000 |
| Bokn kommune | Kr. 13.500 (Øyremerka kulturmidlar) |

# Kompetanseheving av brannmannskap

Kjetil Staveland

**Brannvesenet i Tysvær og Bokn har inngått samarbeid med Norsk Luftambulanse om kompetanseheving av lokale brannmannskap som førstehjelpere fram til ambulanse kommer fram. Innbyggerne kan da i enkelte tilfeller oppleve å få besøk av brannmannskap mens ambulansen er på vei.**









***Bildene er fra kurset på Bokn i november.***

Brannvesenet har nå fått noe utvidede førstehjelpskunnskaper, men ofte kan det hjelpe bare det å få ei hånd å holde i og roe ned situasjonen. Brannmannskapene er veldig motiverte for dette, og ekstraberedskapen kommer særlig beboere i distrikt der ambulansen har lang kjøretid til gode. Dette blir noen nye utfordringer for mannskapene, spesielt å omstille seg til å møte skadelidende på en annen måte enn før.

Instruktører fra Luftambulansen var 18. november på plass i Røde Korshuset på Bokn i to intensive dager, og mesteparten av kurset ga praktisk trening. Norsk Luftambulanse gir denne opplæring gratis, i tillegg til at de overrakte førstehjelpsutstyr og ny hjertestarter til brannvesenet. Dette er kjært tilkommet utstyr.

**Redder liv**

Prosjektet «Mens du venter på ambulansen» gir brannmenn og andre i beredskap bedre førstehjelpskompetanse slik at de kan ta hånd om alvorlig syke og skadde inntil profesjonell hjelp kommer frem. Det kan berge liv. Prosjektet er nå etablert i rundt 80 kommuner, og har på landsbasis reddet 25 liv etter hjertestans til nå i år.

I distriktene er det ofte store geografiske avstander og lengre responstid på ambulanseberedskap. Målet med «Mens du venter på ambulansen» er å etablere en lokal beredskap basert på brannmannskaper og helsepersonell. Disse skal kunne ta hånd om pasienten inntil profesjonell hjelp kommer fram, og ta de første livsviktige, grepene ved utrykninger. Med et finmasket akuttmedisinsk sikkerhetsnett kan pasienten i større grad sikres god og livsviktig hjelp de første kritiske minuttene.

Prosjektet er et supplement til den allerede eksisterende beredskapen i kommunene. Mannskapene disponeres av medisinsk nødtelefon 113 og sendes ut for å yte livreddende førstehjelp og tilsyn mens pasienten venter på ambulanse eller helikopter.

**Det er viktig at de som trenger ren helsemessig hjelp fremdeles ringer 113/AMK for hjelp, og ikke direkte til noen av brannmannskapene.**

# Lys Vaken i Bokn

Jan Magne Moi

**14 forventingsfulle 11-åringar møtte til Lys Vaken–samling i Bokn kyrkje 21. – 22. november. Det er ei eingongshending å sove i kyrkja. Det er spennande. Fire konfirmantar var til stor hjelp i gjennomføringa.**

Marit Sofie Teistedal Vikre hadde regien med samlinga. Borna fekk lage seg ein Kristus-krans. Det var ikkje lett å tre innpå kulene utan at dei seilte ut av tråden i den eine eller andre enden. Underteikna mista kulene mange gonger. På forskjellige måtar fekk me læra kva kulene betydde og kva dei skulle minna oss om.

Til avbrekk drog me til bedehuset der Ingrid Jøsang diska opp med nydeleg Taco. Me fekk også tid til julegåveproduksjon, snop, quiz (laga av konfirmantane) og leikar på bedehuset før me vendte tilbake i kyrkja. Då fekk me høyre om Samuel i tempelet. Samuel sov i tempelet.

**Soving?**

Korleis gjekk det så til med vår soving? Det var vanskeleg å finne roen der ein låg tett i tett i midtgangen. Men etter ei god stund, vart det ro. Sjølv hadde eg lurt med meg ein skikkeleg madrass, så timane eg sov var veldig gode.
Laurdagen vakna me til orgelmusikk. Marit Sofie spela. Lillian Grønnestad var medhjelpar og ho hadde ordna frukostbord i våpenhuset. Det gjekk svært så greitt.

Foreldra møtte mannjamnt opp kl. 10 til avslutningssamling der me fekk repetera og vise fram for foreldra både kuler, drama og songar. Alle deltakarane fekk kvar si nye salmebok. Det var ei gåve soknet hadde fått til dette arrangementet. Difor måtte me tjuvstarte med den nye salmeboka.

Eit svært vellukka «døgn». Takk til leiarar og til deltakarar.

---





***Foto, øvst:***
***Vekt av orgelmusikk.***

***Nedst:***
***Frukost smaka godt under enkle forhold.***

LysVåken
Adventsnatt i kirken

# Syng jula inn

Jan Magne Moi





**Det vart ei flott, annleis samling i kyrkja den 11. desember. Alt var klart med ny opplysing av kyrkja, projektor og nye salmebøker var på plass og i god tid var Boknakoret på plass for å finpusse songane som skulle framførast. Så gjekk straumen på Vestre Bokn.**

Kyrkjetenar Odd Grønnestad tende alle lys. Det vart ei flott stemning der me song gjennom mange av dei kjende julesongane. Sigrunn Hole Hosaas hadde førebudd informasjon om fleire av songane våre. Sokneprest Arne Aurdal og konfirmantane hadde framføring av eit julestykke av Selma Lagerløf **(biletet tv.)** og Boknakoret greidde songane sine utan lys på songark **(biletet th.)**. Det var slik at me nesten vona at lyset ikkje skulle koma att der me sat i lyset frå stearinlys og song songar som har blitt sunge i generasjonar. **Dette vart ei oppleving som me kjem til å hugse.**

Serie

# *Eg seie meg så*

Birger Lindanger

Medan Andor var suveren sist, slo Dagsentergjengen til denne gongen. Begge held eit høgt nivå, og det er imponerande kva desse veit om gammalt boknamål. Bare eit ord måtte dei begge melda pass på: Meller. Dagsentergjengen var inne på det rette, men tydinga er ikkje korn som <u>er</u> malt, men som <u>skal</u> malast.

**Forklaringane:**

| | | |
|---|---|---|
| 1. | ein rekkjetråd | opprekt garn |
| 2. | ei skjør | dam som blir att der det er skore torv |
| 3. | ei sproga | rift i huden |
| 4. | ei strykereim | reim ein kvesser barberkniven på |
| 5. | meller | korn som skal malast |
| 6. | meinslig | noko dumt, ufordrageleg |
| 7. | å vera vanbærte | å vera halvgalen, umulig |
| 8. | å subitteaen | å suba itte aen = å halda på å mista pusten |
| 9. | å vera bosen | å vera rund/koseleg/godsleg |
| 10. | å vera bøsen | å vera overlegen |

**Månadens uttrykk, kva betyr:**

1. eit bakkabråd
2. å vera hesen
3. eit leide
4. eit glette
5. kornmo
6. nebedogg
7. ei olla
8. ein slågdam
9. ein kadl
10. lyngsygja

**Forslag til forklaringar kan leverast Bokn Bygdablad innan 10. februar.**

**Resultat:**

| | |
|---|---|
| Dagsenterdamene | 9 poeng |
| Andor Borgenvik | 7 poeng |

Denne gongen vil me etterlysa boknauttrykk frå hus, heim, matstell og klede. Her må det vera mykje ubrukt, så kom med dei. Endeleg vil me også denne gongen takka Helge Laupland for gode bidrag.

# *Bokn pensjonist-forening, våren 2015*

**29. jan:** Kåseri av Ragnar Larsen

**26. feb:** Årsmøte

”Vestlandsvis” viser, dikt, og stubbar av og med vestlendingar v. Jimmy Næs

**26. mar.:** Kåseri v. redaktør Harald Dale

**30. apr.:** Ingvar Moe - tekst - tonar og tankar v. Jimmy Næs

Tysvær pensjonistforening er invitert.

**29. mai:** Tur saman med Tysvær pensjonistforening til Ullensvang.




***Ragnar Larsen og Harald Dale skal halda kåseri i januar og mars 2015.***

## Bokn Bygdablad for 20 år sidan

## FRÅ NR. 10 1994

# *HELSING FRÅ ORDFØRAREN*

***Kjære lesarar av Bokn Bygdablad.***

Det er etterkvart vorte ganske mange som held bladet utanfor kommunegrensene. Godt over hundre utflytta boknarar held kontakten med heimkommunen også på denne måten. Faktisk og ein del som bur i utlandet. Det synes me er veldig fint. Enkelte av dykk har gjennom bladet gi tt uttrykk for kor de lever og bur. Det ville vore både kontaktskapande og interessant om fleire kunne senda lesarbrev om korleis de har det i framandland.

Dette året har vore sterkt prega av EU-saka, som nådde klimaks den 28.11. Me kan i ettertid konstatera at valdeltakinga var rekordstor både her heime og elles i det ganske land. Dette viser at folk flest engasjerte seg i saka og ville gi uttrykk for sitt syn. Det vil neppe overraska nokon at eg er tilfreds med folket sin dom i dette høve.

Hausten er jo nå som før tida for planleggjing av neste års budsjett og handlingsplanar. Ramma staten har lagt for den økonomiske aktiviteten i kommunane er veldig stram, slik at driftsoverskotet skrumpar inn år for år. Driftsoverskot'er dei pengane som kan nyttast til nye investeringar etter tiltak, når den ordinære drifta er dekka.

Utan større framtidige inntekter i åra framover vil det verta vanskeleg å finna plass til større nye investeringar før me har betalt ned på lånegjelda.

Den viktigaste saka me no står framfor er Bokn si framtid som eigen kommune.

Med det aller fyrste vil kommunalministeren leggja fram ei Stortingsmelding om Christiansen-utvalet si innstilling.

Kommunalminister Berge har ved ymse høve gitt eksempel på korleis han meiner enkelte kommunegrenser bør justerast. Mellom anna har han gjort dette for Bokn sin del.

Stortinget si behandling av denne meldinga vil verta ei viktig avgjerd for mange kommunar.

I tida som kjem trur eg det vil vera svært viktig at alle som har mulighet for å påvirka stortingsrepresentantar og andre politiske aktørar i rett lei, vil gjera det. Då meinar eg sjølvsagt at Bokn kan fortsetja som eigen kommune, slik at me også i framtida kan ynskja kvarandre ei god

***Boknajul.***

*Helsing Leif.*

## Omsetning av eigedomar i Bokn

Kjelde: Statens kartverk

**Føresvikvegen 33 (Gnr 9, bnr 15)** er solgt for kr 2.500.000 fra Sigbjørg Johanne Solvang og Villy Solvang til Bokn kommune **(03.11.2014)**

**Gnr 9, bnr 161, seksjon 1** er solgt for kr 450.000 fra Paulsen Prosjekt as til Bokn Eiendom as **(04.12.2014)**

Salget omfatter også Gnr 9, bnr 161, seksjon 2

**Boknatunvegen 44 (Gnr 9, bnr 163)** er solgt for kr 3.250.000 fra Robert Birkeland og Irene Kro til Simon Myklevoll Sjøen og Solveig Marie Sjøen **(10.12.2014)**

**Gnr 11, bnr 245** er overdradd fra Laila Karoliussen til Frank Karoliussen **(11.12.2014)**

**Alvestadkroken 2 (Gnr 11, bnr 111)** er overdradd fra Bjarne A Våge til Synnøve Våge **(19.12.2014)**

**Alvestadkroken 2 (Gnr 11, bnr 111)** er solgt for kr 1.760.000 fra Synnøve Våge til Valentina Everte og Artűrs Everts **(19.12.2014)**

# Nyopning av PETR@ fritidsklubb

Tekst: Ingunn Toft - foto: Jardar Havikbotn

**Laurdag 6. desember vart den årlege julemiddagen innteke i kjellaren på Kyrkjebygd, dei nye flotte lokala til ungdomsklubben Petra.**

Bokn kommune og HighComp AS har sidan sommaren hatt eit prosjekt i høve til å skaffe Bokn sine ungdommar eit godt fritidstilbod i form av nye og betre eigna lokalar.

**Store forandringar**

Alle romma er sparkla, pussa og malte. Tidlegare burgunder og turkise vegger er erstatta med kvitmaling som står flott til skifergolva og det nye golvet i storrommet med haldbart industrilaminat som står til veggene. Storrommet er delt av slik at eine delen er tilrettelagt for diskotek. Dei fleste vindauga i etasjen er skifta ut, og inngangspartiet er nytt og flott. Ved inngangen har ein fått spesiallaga nye stilige knappar i ulike fargar som garderobeoppheng av Ottar Håland.

Det er kome nye toalett, nye flotte vaskar samt flis på golva på bada, kor det eine har universell utforming. Det gamle kjøkenet er rive, og erstatta med ny flott innreiing. Kioskopninga har ein ikkje fjerna, då den vil vere sentral del av det nya tilbodet. Det er kjøpt inn noko interiør, og dette vil fritidsklubben arbeide med å skaffe midlar til framover.

**Mykje godt arbeid**

Underteikna og Cecilie Odland frå Bokn kommune og Ann Jeanette Sunde Olaussen frå HighComp AS har planlagt renoveringa i samråd med ungdommane. Det har vore to dugnadshelger med Egil og Arild Ognøy som arbeidsleiarar, samt mykje arbeid elles gjennom hausten. Sjølve jobben har kunne blitt gjennomført takka vere mange flittige samarbeidspartnarar med eit flott engasjement og me vil rette dei ei stor takk på vegne av ungdommane.

**Samarbeidspartnarane har vore**

*A-gruppen*
*Hervik Rør AS*
*Helgevold Elektro AS*
*Frøland Flismarked AS*
*Heban Distribusjon AS*
*Gulvlegger Kjell Stensland*
*Murer Kjell Olav Skjelde*
*Roy Olsen*



*Det er kome nye toalett, nye flotte vaskar samt flis på golva på bada, kor det eine har universell utforming.*



*Nytt kjøken med ny flott innreiing.*



*Tøffe møblar.*

*Bokn bilklubb*

Dei har bidratt med både arbeid og rabatterte prisar, noko som har gjort prosjektet mogleg.

**Takksemd!**

I tillegg har tilsette ved Bokn Plast AS/HighComp AS gjort ein fantastisk innsats og dei har arbeidt saman med ungdommane og foreldre med mange dugnadstimar. Ann Jeanette Sunde Olaussen frå HighComp AS har vore ei enorm drivkraft for prosjektet og me rettar henne eit stor takk!

Med nye flotte lokale var ungdommane særs nøgde, men opplevinga vart toppa av innflytningsgåva frå Bokn Plast AS/HighComp AS overlevert av leiar Helge Rasmussen, eit stort og flott stereoanlegg som vil glede ungdommane på Bokn i lang tid framover!

**Sosialt entreprenørskap**

Den flotte gesten til bedrifta i Føresvik er i følgje Helge Rasmussen eit ledd i HighComp sin strategi om å støtte ulike prosjekt utafor deira verksemdområde. Dei brukar verkemiddel frå forretningsverda for å bidra til å løyse problem som er knytta til sosiale og samfunnsmessige forhold. Slik verksemd er som oftast ikkje profittmotivert.



*Alle romma er sparkla, pussa og malte.*



*Her skal det bli diskotek.*



*Seksjonssjef kultur, skule og barnehage, Ingunn Toft, takkar Helge Rasmussen for samarbeidet.*



*Topp stereoanlegg!*



***NØGD GJENG: Fv. Fredrik Faye, Helge Rasmussen og Ann Jeanette Sunde frå Bokn Plast AS/HighComp AS, seksjonssjef Ingunn Toft, ungdomsarbeidar Cecilie Odland og Simmen Karoliussen, Jørgen Nilssen og Kristina Kallevik Hanssen frå Petra-styret.***

# Halloween-feiring for 1.-7. kl. på Petra

**Laurdag 25. okt var det 1.-7. klasse sin tur til å få på kostymene☺ 41 livlige barn kom på Halloween-festen.**

Me syntest også at det var kjekt at foreldre tok seg tid til å vere med på Petra denne kvelden. Fem vaksne var med.☺

I løpet av kvelden var det kiosken det kokte mest i. På noen tidspunkt følte me oss som sild i tønne, for det er ikkje all verdens med plass me har å boltre oss på i Petra-stova.

Ein pynta versjon av Petra-forteljinga blei også fortalt denne kvelden. Men her var det kun 5.-7. klasse som fekk lov å bli med på ferda.

Kåring av kveldens kostyme blei det også. Her var det to grupper, 1.-4 . klasse og 5.-7. klasse.

Vinnarane i gruppa for 1.-4. klasse blei Trym Karoliussen og Albert Lindanger.

Vinnarane i gruppa for 5.-7. klasse var Sunniva Taraldlien og Maja Mikkelsen.





***Albert og Trym***



***Sunniva og Maja***



## JULEGRØTEN

**Det satt en liten nisse på kanten av et fat,
for nå var tiden inne til å spise julemat.
Han hadde fått en skål med risengrøt,
og midt i denne lå en diger smørkatt og fløt.**

**Og smørklatten smeltet og farget grøten gul,
slik skulle det serveres til nissen nå til jul.
Så spiste han grøt, med en sprukken skje,
og stønnet til slutt: " Nei, så mett jeg ble!"**

**Det lå en liten nisse i bunnen av et fat,
han hadde spist seg mett på årets julemat.
Han lå der, og sov, i nattlig måneskinn,
mens smøret ennå glinset på hans runde kinn.**

Barbro Vanvik



# Flyborne nissar til Havnavegen

Kyrre Lindanger

**Eit femtitals havnavegsnissar i ulike valørar – store og små – fann vegen til sjøhuset i Alvestadkroken hamn laurdag 6. desember då Havnavegen velforeining arrangerte nissefest.**

Nisseeffektar i alle variantar kom fram frå bodar og skap då nissesesongen 2014 starta opp i det maritime miljøet i Alvestadkroken. Som det høver seg, blei det servert rykande varm graut med tilhøyrande hushaldningssaft og peparkaker. Førjulsvêret var som vanleg ein desemberdag i i Alvestadkroken; Overskya, 6 grader og regn i lufta – utan at det la nokon dempar på stemninga.

Ryktet gjekk at det var nisse på veg til nett dette arrangementet. Vêr og miljø tilsa at det kanskje skulle skje sjøvegen, men årets Havnavegnisse valde eit luftigare alternativ. Utover ettermiddagen blei barna bedne om å gå ut for å sjå etter nissen. Smånissane kikka sørover Havnavegen og mot Aksdalsneset – dei vaksne kikka pussig nok opp i lufta. Og brått – rett over hustaka - kom det eit helikopter lågt over hustak og tretoppar frå nord og passerte over fiskerihamna. Dei mest langsynte såg konturane av to raudkledde personar og ein striesekk inne i maskina.

Etter ein sving ut over Boknasundet landa helikopteret trygt på jordet nord for sjøhuset, og ut kom ikkje færre enn to nissar. Dei to gjekk inn på sjøhuset, fylgd av eit tog av smånissar, og pakkar blei delte ut. Dette var ei spennande oppleving for alle som hadde møtt opp og runda av eit elles kjekt og vellukka førjulsarrangement i bygda.



*Store og små Havnavegsnissar på førjulskos i sjøhuset i Alvestadkroken 6. desember.*



*Dei flyborne nissane blei helsa velkomne til Alvestadkroken av eit forbløffa, men begeistra publikum.*




*Helikopternissane blei tekne imot av ein like forbløffa kasserar i Havnavegen velforening, Trond Foss. Pilot er Kjartan Jensen.*

Serie av
Birger Lindanger

# Med båt til Bokn

### Båtar i rute frå hjuldamparen Ryfylke til bilferja Boknafjord

## Bokn i skjoldaruta

*D/s Hjelmeland*

Etter at *D/S Sandeid* var borte, blei *D/S Hjelmeland* sett inn i Skjoldaruta. *Hjelmeland* høyrde som forgjengaren til DSD og var sjøsett som dampskip ved *Stavanger Støberi- og dok* i 1910. I 1952 blei fartøyet så ombygd til motorskip. Som avløysar for *Hjelmeland* blei den nybygde *M/S Bokn* stundom sett inn frå hausten 1952. *Hjelmeland* gjorde to turar i veka og var innom Tåganes og Føresvik på sørgåande kvar tysdag og dei same stoppestadene kvar torsdag på nordgåande. Med sin lengde på 34,5 meter, lastekapasitet på 198 br.tonn og god kapasitet for passasjerar, var det eit betre eigna fartøy både med omsyn til last og passasjerar. Ein rundtur Stavanger – Isvik og retur tok jamt tolv timar for damparen.

Men i 1950-åra merka ein i aukande grad konkurransen frå rutebilane og bygdefolket kring Skjoldafjorden vende seg til å reisa til Haugesund om noko skulle ordnast. Til forundring for stavangerfolk, oppdaga dei at folk også kring den ytre delen av Skjoldafjorden tok til å omtala Haugesund som *byen.* Dette førde til at behovet for passasjerplass i ruta minka. Det gjorde ikkje situasjonen betre at DSD - utanom *M/S Bokn* - som regel sette inn mindre fartøy utan passasjersertifisering når *Hjelmeland* trong verkstadopphald.


*D/s Hjelmeland* — *Foto: Det Stavangerske Dampskibsselskab*



*Espedal i Skjoldaruta.* — *Foto: Espen Jonassen*

**M/s "Espedal" – frå damp til segl**

Frå 1. januar 1957 sette difor DSD inn *Espedal* i ruta medan *Hjelmeland* blei teken or rutetrafikk og hogd opp på Hundvåg i 1959. *Espedal* var både ein mindre, tregare og eldre båt enn forgjengaren. Han var bygd i Fredrikstad i 1892 og gjekk frå starten i fraktefart i Oslofjorden under namnet *Trafik I*. Hit til distriktet kom båten som dampskip i 1956 då veabuen Mikal Espedal kjøpte han. Mikal sette då inn ein tosylindra Union 120 HK. Samstundes blei fartøyet omdøypt til *Espedal.* Det gjekk i fraktefart til DSD leigde inn båten for å drifta skjoldaruta som godsrute. Vinterstid kunne det henda at Skjoldafjorden var islagt. Difor var båten isforsterka i baugen for å kunna bryta råk. Framleis segla båten to turar i veka, tysdag og torsdag. Mannskapet var fire: Kaptein, bestmann og to matrosar.

Det minka altså med passasjerar. Heilt bak om bord var det ein liten passasjersalong og kapasiteten var tolv passasjerar på kvar tur. Her blei det servert kaffi, men maten fekk folk halda sjølv. Turen til Stavanger var dryg, og det var ingen stad forbodskilt for passasjerane. Det var difor ikkje noko hinder for til dømes å opphalda seg på brua for ein hyggeleg drøs med mannskapet.

Viktigast var likevel varene båten frakta med seg: Kraftfôr og kunstgjødsel til jordbruket, kolonialvarer til Austre Bokn handelslag og varer som ein kunne tinga med privat. Slik

sett blei denne båten litt av ei livline med omsyn til frakt frå Stavanger.

Dette opplegget heldt fram også etter 1961 då sandnesmannen Kristen Jonassen kjøpte båten. Frå då av fungerte han både som skipsreiar og skipper. Måndag gjekk ruta innover øyane med kraftfôr til Østhusvik, Steinnesvåg, Judaberg og Reilstad. Tysdag morgon gjekk turen til Skrettings mølle for å lasta kraftfôr, sidan innom Slakthuskaien i Stavanger for å henta annan last før turen gjekk via Tåganes, Føresvik, Kårstø, Susort, Slåttevik til Hervik. Etter overnatting der, heldt turen fram via Borgøy, Skjoldastraumen til Isvik og Skjoldavik. Før slusene bruka *Espedal* fløyta for å signalisera at fartøyet skulle gjennom.

Så var det retur til Stavanger, og torsdag var det same ruta nordover att. Ikkje minst var torsdagen ein stor dag på Tåganes. Då kom *Espedal* med varer, mellom anna ferske brød, til Austre Bokn Handelslag.

Denne båten heldt fram til i 1978 då fylket ikkje lenger ville gje økonomisk stønad til ruta. Same året blei *Espedal* seld til Sevald Svendsbø i Vikebygd. DSD la altså ned godsruta, men kraftfôrprodusenten Skretting tok over og let båten gå med kraftfôr i same ruta.

Varetransporten til Tåganes og Føresvik blei så overteke av HSDs *Flornes*. Handelslaget hadde ansvaret for ekspedisjonen av båten fram til bruene kom og behovet fall bort.

I 1989 blei *Espedal* seld til eit engelsk selskap og bygd om til seglskip. Som eit slik segla fartøyet til det forliste ein gong i 1990-åra i Middelhavet.

**M/s Flornes – frå Boknasundet til Det Kaspiske Hav**

